

**Sjølvs om Elin Enes har hatt stor suksess så langt i dysten om kven som skal få vera med kjendiskokk Hellstrøm til Toscana er det framleis ein god bit att til mål.
Det understrekar Jernia sin marknadsavdeling som uskedalen.no har hatt kontakt med.
Difor gjeld det å stå på vidare!
Reisa til Italia skal gå føre seg frå 24.oktober og før det skal kandidatane gjennom fleire nålauge.**

Jernia opplysar at den første runden som no pågår skal halda fram til 10. oktober.

Då startar neste runde som dei 30 beste frå den første får delta i og denne avgjerande runden varar i 10 dagar.

Med andre ord vil ikkje dei 6 som får delta i den eksklusive reise til matens og vinens høgborg vera klare før tett innpå reisa.

Det vert ein spennande innspurt.

Av Ola Matti Mathisen